

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2010.

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssettinga i Helse Vest

### Prosjektnamn

Nettverksgruppe (beståande av lokalt dps, kommunal avd. psykisk helse , PPT/OT vgs., NAV, trygd og sosial, regional koordinator for tiltak arbeid og psykisk helse). Målgruppa for nettverksgruppa er unge vaksne som har psykiske betinga funksjonsvanskar som har ført med seg at dei har falt utanfor det sosiale fellesskapet.

### Prosjekteigar (Helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Solli dps, Nesttun Bergen

### Prosjektleder (kontaktperson)

Psykolog Rune Sømme

### Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt.

Kvifor blei prosjektet starta?

Det er ein klår nasjonal og lokal tendens at gruppa av unge vaksne under 30 år som søker hjelp i psykisk helsevern er aukande. Gruppa unge som får uføretrygd har vist ei klår auke de siste 6 år ( if- rapport frå FAFO). Fråfall frå vg. skular er beskreve som eit aukande problem. Når unge vaksne fell utanfor fellesskapet er det i seg sjølv ein stor risiko for at utvikling av psykiske lidningar og rusmisbruk. Unge som fell utanfor kan gjerne ha levd isolert over lengre tid sjølv om det frå enkeltinstansar og pårørande er gjort freistnader på å få dei gjenintegrert. Den unge treng ofte bistand fp fleire einingar. Enkeltinstansar som har eller har hatt kontakt med den unge veit ofte ikkje om kvarandre. Tiltak blir som regel iverksett sekvensielt med søknads- og saksbehandlingstid. Slik kan hjelpen bli ein del av problemet og ikkje ein del av løysinga.

### Mål for prosjektet

Kva for forbetring håper de at prosjektet skal føre til?

Eit hovudmål for nettverksgruppa er at den skal fungera som en katalysator som kan gi ein raskare og betre samordna bistand til den enkelte unge. Den skal også fungera som ei allmen rådgjevingsgruppe for medarbeidarar innan dei ulike etatane som er representerert i gruppa.

### Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast ?

Nettverksgruppa held no på med å presentera seg for dei ulike etatane for å gjera dette tiltaket kjent. fram si sak i gruppa.

<p><b>Planlagt bruk av resultat i eiga eining</b> (implementering i drift m. v.)          Nettverksgruppa vil ha faste møter (oppstart nov. 2010) som blir annonsert i dei ulike etatane. Enkeltmedarbeidarar vil da kunne bestille tid og få drøfta si sak i gruppa.</p>	
<p><b>Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen</b>          Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv          Presentera på fagdagar, vurdere oppstart i andre kommunar i vårt dps. Vurdere oppstart av nettverkssamtaler kor den unge og evt. Andre frå familien tek del i samtaler direkte. Evalurere tiltaket gjennom intervju med saksbehandlarer som har brukt det.</p>	
<p><b>Oppstarttidspunkt</b> (planlagt)          4.11.2010</p>	<p><b>Sluttidspunkt</b> (planlagt)          31.12.2011</p>